



Hordaland fylkeskommune
kultur@hfk.no

26.09.2014

Fråsegn til Regional kulturplan Hordaland fylkeskommune

Prioritering av innsatsområde og tiltak i handlingsprogrammet.

1. Hordaland skal arbeide politisk for at kultur skal koma inn som omgrep i Plan- og bygningslova, med vilkåra som for folkehelse.
2. Hordaland skal arbeide for satsing på den kulturelle grunnmuren med kulturskulen som ressursenter for det lokale musikkliv.

Prioritering av innsatsområder og tiltak 4 fyrste år

1. Hordaland skal arbeide for å utvikle tenelege øving- og framføringslokaler for kultur med rimlege vilkår.
2. Hordaland skal satsa på konsertarrangørar som engasjerer lokalt musikkliv med eit høgt kunstnarleg og formidlingsfagleg nivå.

Hordaland musikkråd

Hordaland musikkråd er fylkesleddet til Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund. Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund er to sentrale organisasjonar for kulturlivet og musikklivet generelt og det frivillige musikklivet spesielt. Norsk musikkråd er den største organisasjonen på kulturområdet med ca 140 000 enkeltmedlemmer og paraplyorganisasjon for 33 organisasjonar. 8 lokale musikkråd i kommunane i fylket ligg under Hordaland musikkråd. Nokre av dei går ut over musikkområdet og representerer ein heilskapleg organisering av det frivillige kulturområdet lokalt.

Hordaland som musikkfylke

Hordaland er eit rikt musikkfylke med lange tradisjonar, sterke institusjonar og vitalt frivillig musikkliv. Institusjonane held i hovudsak til i Bergen medan i resten av fylket er ein i stor grad avhengig av frivillige og musikarar knytt til fylket, kulturskule eller kyrkjene. Musikklivet i Hordaland er avhengig av dynamikk mellom frivillige og profesjonelle, mellom topp og breidde, og by og land.



Utviklingstrekk i Hordaland

Hordaland skal vekse med 160 000 innbyggjarar dei neste 30 åra, og må planlegge for vekst. Lokalisering av bustader og arbeidsplassar må vera nær kvarandre, men det må også vera låg terskel for å engasjere seg i lokalt kulturliv. Dette for å ta vekk behovet for transport, den viktigaste orsak til forureining frå enkeltpersonar. Med ein stor folkeauke og større geografisk mobilitet, vil lokalkultur og lokalt kulturliv gjennom musikk, vera viktig for å skapa ein lokal identitet. Andre utviklingstrekk er at kommunane vert færre, og med det færre engasjert i lokaldemokratiet.

Lokalavisene har til no ikkje merka spesielt til endring av digitaleforbrukarvanar, til å lese meir og annonsere på internett. Dette vil skapa endringar i det lokale ordskiftet, kvalifisert journalistisk kompetanse forsvinn og det lokale offentlege rom vert mindre tydleg. Det lokale kulturfeltet vert viktigare.

Hordaland Musikkråd har sendt høyringssvar til "Regional plan for attraktive senter" (sjå vedlegg).

Prioriterte handlingsområder

Hordaland må arbeide for å endre det nasjonale lovgrunnlaget for kultur

Hordaland Musikkråd er takksame for at Hordaland fylkeskommune har tatt initiativ til ein regional kulturplan med bakgrunn i plan og bygningslova §8-1 og §8-2. Her er Hordaland fylkeskommune i forkant av det NOU: 2013-4 "Kulturutredningen 2014" peikar på i kap 16 "Oppsummering av tilrådingar", kulturpolitikkenes lovgrunnlag: *...kulturloven utstyres med bestemmelser som gjør den til et aktivt verktøy og som gir kommuner og fylkeskommuner ansvar for å utvikle planstrategier på kulturområdet.* Plan- og bygningslova har vore eit viktig verktøy for idrettsanlegg då omgrepet folkehelse kom inn i lova. Dette i kombinasjon med spelemidlar frå fylkeskommunane, med krav til forankring i kommunalt planverk, har lagt grunnlaget for at det vert bygd idrettsanlegg for 3 mrd. per år (kjelde: senter for idrettsanlegg og teknologi). I kommunal sektor er det ein generell trend at det vert tilsett folkehelsekoordinatorar og at kulturkonsulentar/-sjefar forsvinn. Kommunane prioriterer lovpålagte oppgåver.

Lovgrunnlaget innan kultur er for svakt noko NOU: 2013-4 "Kulturutredningen 2014" peikar på. Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd frå 2008 har ikkje gjeve målbare resultat i løyvingar til kultur. I den lokalpolitiske kampen om frie midlar tapar kulturlivet. Omgrepet kultur må koma inn i plan- og bygningslova sin samfunnsdel. Vidare må løyvingar til kultur koma opp i same størrelsesorden som idrett får av spelemidlar. I nemnde kap 16 "kulturpolitikkenes lovgrunnlag" står det òg: *... kultur tas inn i Plan- og bygningsloven på linje med folkehelse.* Dette kan igjen leggje grunnlaget for føremålstenlege øvings- og framføringslokaler for det profesjonelle og lokale musikklivet, og her skal det ikkje vere skilnad på kvalitative tekniske løysingar mellom frivillig og profesjonell. Krav til planlegging, bygging, drift og innhaldsproduksjon må vera klare. I dag er det for mange øvings- og framføringslokaler som ikkje stettar grunnleggande krav til t.d. akustikk. Det er viktig at fylkeskommunen tar ei sektorovergripande rolle ovanfor lovgjevande mynde og fremjar eit betre lovgrunnlag for kultur gjennom plan- og bygningslova.



Kulturskule, frie feltet og frivillig musikkliv

I det frie musikkfeltet er det få 100%-stillinger for instruktører eller musikarar. Musikk i kulturskulane i Hordaland har mange profesjonelle utøvarar som held eit høgt kunstnarleg og pedagogisk nivå. For rekrutteringa til det friviljuge og profesjonelle musikklivet, og det å halde på musikarar lokalt, er det avgjerande at kulturskulane er attraktive for profesjonelle utøvarar. Mange kulturskulelærarar tilhøyrer det frie musikalske feltet der mykje av musikalsk nyskaping skjer, men også ein avgjerande arena for rekruttering til tradisjonsmusikk. Samstundes er dei instruktører for t.d. lokale kor, korps og spelemannslag. Løna dirigentar i kulturskulen bør kunna nyttast av det lokale musikkliv. Det friviljuge lokale musikklivet er viktig for engasjement og livskvalitet og dermed folkehelse. Alle born bør ha rett på gratis tilbod i kulturskulen.

Uorganisert ungdom

Uorganisert ungdom har dei siste 60-åra vore tiltrokke av fritidsklubbar med øvingslokale, spesielt rock og pop interessert ungdom. I ei tid med høgare del innvandring frå kulturar frå heile verda har dette òg vorte ein arena for integrering. Hiphop er den musikkjangeren som har fenga ekstra. Dette er grasrotkultur som er basert på friviljuge som òg har krav på gode øvingslokale. Innan norsk musikk eksport er namn som Nico & Vinz og Madcon profesjonelle utøvarar frå denne kulturen.

Arrangørfeltet

Det siste tiåret har fylket vore prega av "festivalisering", prestisjefylde kulturbygg og avskaling av kommunal kulturfagleg kompetanse. Mange konsertarrangørar og festivalar kan held ein høg kunstnarleg kvalitet med frivillige arrangørar. Og der det er kunst- eller formidlingsfagleg kompetente arrangørar er det i regelen medarbeidarar som ser det som viktig kulturell eigenaktivitet å delta. Kommunane er nøgde med å synleggje staden, men festivalen gjev ikkje kontinuerleg eller langsiktig effekt for det lokale musikklivet, ut over der og då. Det må satsast på lokale arrangørar som evner og viljar å skapa arrangement på heilårlege basis. Kommunale kulturbygg er dyre å leige og heller ikkje alltid føremålstenlege. Musikalsk tenesteyting frå kommunane til innbyggjarane, lener seg ofte til festivalar og frivillige arrangørar, og er ikkje prega av kompetanse eller kontinuitet.

Styreleiar for Hordaland musikkråd

Kristine Drake (s)

dagleg leiar for Hordaland musikkråd

Vidar Skeie (s)